

# KONKURRANSEGRUNNLAG

Anbudskonkurranse  
etter del I i forskrifta

for anskaffing av

vintervedlikehald på kommunale vegar  
1.oktober 2025 – 31.mai 2027 med opsjon på 1+1 år.

Anbudskonkurransen gjelder Vrådal

1	GENERELL SKILDING	3
1.1	Om oppdragsgivar	3
1.2	Skildring av oppdragsgivar sine behov	3
1.3	Viktige datoar	3
2	REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN	4
2.1	Anskaffingsprosedyre	4
2.2	Krav til arbeids- og lønnsvilkår	4
2.3	Offentlegheit og teieplikt	4
2.4	Vedståingsfrist	4
2.5	Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar	4
2.6	Avlysing	5
3	KVALIFIKASJONSKRAV	5
3.1	HMS-erklæring	5
3.2	Forsikringsbevis	5
3.3	Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren	6
3.4	Beredskap	6
4	TEKNISK BESKRIVING	6
4.1	Vintervedlikehald med for- og etterarbeid	6
4.2	Vegar og areal som skal brøytast	6
4.3	Brøyting rundt og inn til kommunale bygg	6
4.4	Generelle krav til entreprenør	7
4.5	Særskilde krav til utstyr og personell	7
4.6	Kontrakt, misleghald og oppseiing	7
4.7	Rapportering	8
5	TILDELINGSKRITERIUM	8
6	Innlevering av tilbod og tilbodsutforming	8
6.1	Innlevering av tilbod	8
6.2	Utforminga av tilbodet	8
7	Vedlegg	9
7.1	Vegliste	9

# 1 GENERELL SKILDRING

## 1.1 Om oppdragsgivar

Oppdragsgivar er Kviteseid kommune som ligg i Vest-Telemark.

Oppdragsgivar sin kontaktperson er:

Namn:	Tarjei Gjelstad
E-post	<a href="mailto:tarjei.gjelstad@kviteseid.kommune.no">tarjei.gjelstad@kviteseid.kommune.no</a>
Telefon	95241315

Eventuelle spørsmål skal rettast skriftleg til kontaktpersonen.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgivar når det gjeld tilbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

## 1.2 Skildring av oppdragsgivar sine behov

Kviteseid kommune søker entreprenør til utføring av vintervedlikehald på kommunale vegar i Vrådal frå hausten 2025 – våren 2027 med opsjon på dei to påfølgande sesongane.

Forlenging kan skje ved ein sesong av gongen om det er einigheit mellom leverandør og byggherre om å halde fram samarbeidet.

Oppdragsgivar si skildring av leveransen følgjer av vedlegg «Standard for vintervedlikehald – Kviteseid kommune vedtatt 25.mai 2023», kart over kommunale vegar og plassar, og i dette dokumentet.

## 1.3 Viktige datoar

Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	22.august 2025
Frist for å levere tilbod	29.august 2025 kl. 12.00
Tilbudsopning	29.august 2025 kl. 13.00
Forhandlingar	Veke 36
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	3.september 2025
Klagefrist	17.september 2025 kl. 12.00
Kontraktsinngåing	18.september 2025
Vedståingsfrist for tilbodet	30 dagar

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

## **2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN**

### **2.1 Anskaffingsprosedyre**

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I.

Leverandøren blir på det sterkaste oppmoda til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt. Tilbod med atterhald risikerer å bli forkasta.

### **2.2 Krav til arbeids- og lønnsvilkår**

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

Kommunen vil presisere at Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv (Arbeidsmiljøloven) skal fylgjast.

Kommunestyret har vedtatt retningsliner for arbeidslivskriminalitet og svart arbeid som skal fylgjast. Vedtaket ligg vedlagt.

### **2.3 Offentlegheit og teieplikt**

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. Forvaltningslova § 13.

### **2.4 Vedståingsfrist**

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.3 ovanfor.

### **2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar**

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle

leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga på Mercell.no. Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar ved oppdragsgivar sin kontaktperson.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg til oppdragsgivar sin kontaktperson.

## **2.6 Avlysing**

Kviteseid kommune kan avlyse konkurransen før ei eventuell kontraktsinngåing om det føreligg særskilde grunnar til dette.

## **3 KVALIFIKASJONSKRAV**

For å kunne få tilbodet sitt evaluert må leverandøren levere eigenerklæring om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er oppgitt nedanfor. Denne erklæringa ligg ved som vedlegg.

Den eller dei leverandørane som blir innstilt til kontraktsinngåing, må før kontrakt blir inngått, dokumentere at dei oppfyller kvalifikasjonskrava i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrava.

### **3.1 HMS-erklæring**

<b>Krav</b>	<b>Dokumentasjonskrav</b>
HMS eigenerklæring	<ul style="list-style-type: none"><li>Leverandøren skal leggje ved ein erklæring på at verksemda arbeider systematisk for å oppfylle krava i helse, miljø, og sikkerhetslovgjevinga.</li></ul>

### **3.2 Forsikringsbevis**

<b>Krav</b>	<b>Dokumentasjonskrav</b>
Forsikringsbevis	<ul style="list-style-type: none"><li>Entreprenør skal før arbeidet startar leggje fram stadfesting for byggherren at han har nødvendige forsikringar.</li></ul>

### **3.3 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren**

<b>Krav</b>	<b>Dokumentasjonskrav</b>
Leverandøren skal ha utstyr og personell med erfaring for å gjennomføre arbeidet	<ul style="list-style-type: none"><li>• Leverandøren skal leggje fram utstyrsliste på det utstyret og dei maskinane som er tenkt nytta.</li></ul>

### **3.4 Beredskap**

<b>Krav</b>	<b>Dokumentasjonskrav</b>
Leverandøren skal ha døgnkontinuerlig beredskap	<ul style="list-style-type: none"><li>• Namn på dei som skal utføre vintervedlikehaldet.</li></ul>

## **4 TEKNISK BESKRIVING**

Vintervedlikehaldet av kommunale vegar skal utførast etter vedlagt vedlikehaldsstandard.

Prisen skal innehalde alt vedlikehald etter vedlagt standard for vintervedlikehald og følgjande beskriving:

### **4.1 Vintervedlikehald med for- og etterarbeid.**

Entreprenøren skal i prisen inkludere vintervedlikehald etter vedlagt standard vedtatt av kommunestyret 25.mai 2023. I tillegg skal entreprenøren inkludere følgjande for- og etterarbeid på alle kommunale vegar kvar sesongen i kontraktens periode:

- Utsetting av brøytstikk langs alle kommunale vegar og gangstiar før 1.oktober kvart år. Kommunen stiller med brøytstikk og desse kan nyttast.
- Ta opp alle brøytstikk etter at vintersesongen er over, siste frist 31.april. Desse skal reingjerast og leggst inn på kommunalt lager eller ein lokalt eigna stad i Kviteseid etter avtale med kommunalsjef for teknisk drift.

### **4.2 Vegar og areal som skal brøytast**

Det skal brøytast etter vedlagte kart og vegliste. Alle areal og vegar som skal brøytast er markera med gult i vedlagte kart. Ikkje alle areal og vegar ligg i veglista slik som enkelte vegar inn til pumpestasjonar og vassverk, samt gang- og sykkelvegar. Entreprenøren er derfor pliktig til å gjere seg kjent med dei areala som er markera. Det vil ikkje bli arrangera synfaring i samband med anbodsutlysinga. Entreprenør er sjølv ansvarleg for dette. I ein eventuell forhandlingsrunde vil det bli tatt ein gjennomgang for avklaringar rundt eventuelle uklarheiter når det gjeld areal.

### **4.3 Brøyting rundt og inn til kommunale bygg**

- A. Rundt og ved kommunale bygg skal det brøytast så godt inn til dørar og portar slik det lar seg praktisk gjennomføre.

- B. Ved og rundt barnehagen der det kan vere ungar skal det berre brøytast før og etter stengetid. Dette gjeld særleg områda inn til Vrådal barnehage. Rundt barnehagen der området er avskjerma med gjerde kan det brøytast som normalt, men det skal takast særleg omsyn og ein må bruke skjønn. Det skal gjerast ei risikovurdering i forkant av arbeidet og etter avtale med leiinga på den aktuelle barnehagen.

#### **4.4 Generelle krav til entreprenør**

- Entreprenør skal utføre kontraktarbeidet på ein fagmessig og aktsam måte, og leggje vekt på tryggleiken slik at ein unngår skade på person og eigedom.
- Entreprenør skal være særskild aktsam i forhold til trafiksikkerheit, trafikkavvikling, arbeidsmiljø og ytre miljø.
- Arbeidet skal utførast med serviceinnstilling overfor trafikantar og dei som bur langs den kommunale vegen.
- Arbeidet skal utførast i samsvar med aktuelle lover og forskrifter.
- Arbeidet skal utførast slik at forstyrringa for trafikantane, vegens naboar, og andre omgjevnader minimaliserast, vurderer i forhold til arbeidets viktighet og i forhold til kostnadane for utføringa av arbeidet. Dette gjeld både val og metode og tidspunkt for utføring. Ein skal prøve å unngå å frese/skrape sno inn i private avkøyringar/plassar.
- Entreprenør er ansvarlege for å melde ifrå om det er behov for tining av stikkrenner.
- Entreprenør er og ansvarlege for fjerne tre, kvist og anna som fell ned over vegen på dei rodane dei har ansvaret for vintervedlikehaldet på.
- Entreprenør skal følgje vedlagt standard for vintervedlikehald. Alternative løysingar for å oppnå eit betre resultat handsamast som endringsmeldingar før- eller i sesongen etter avtale med prosjektleiar.

#### **4.5 Særskilde krav til utstyr og personell**

- Det skal brøytast med korrigerer stål. Glatt stål kan berre nyttast ved særskilde vær- og føreforhold.
- Entreprenøren skal sjølv syte for å ha tilgjengeleg utstyr, mannskap, kompetanse og informasjon som er naudsynt for å utføre arbeidet i samsvar med kontrakt. Dette gjeld også vaktberedskap og mannskap-/maskinberedskap. Entreprenøren skal innanfor kontraktens krav sjølv velje metode, tiltak og ressursar. Under eventuelle forhandlingar og før signering av eventuell kontrakt må entreprenør leggje fram ei utstyrliste.
- Kommunen vurderer å kjøpe inn GPS utstyr for kunne fylgje opp/tracke utstyret som blir bruka på rodene. Dette er for å ha ein betre kommunikasjon og dokumentasjon på vintervedlikehaldet som blir utført. Entreprenør si oppgåve er å montere GPS utstyret i sin maskin(er).

#### **4.6 Kontrakt, misleghald og oppseiing**

- Kontrakt etter NS 8406:2009 Forenkla norsk bygge- og anleggskontrakt.

- Det gis skriftleg varsel om det er avvik frå det som er satt i vedlagt standard, dei krav som er beskrivne i dette dokumenta, og det som blir avtala skriftleg i kontraktsmøte. Ved 3 stk. skriftlege varslar kan kontrakt seiast opp.

#### **4.7 Rapportering**

Det skal heldast eit årleg møte mellom entreprenør og Kviteseid kommune.

### **5 TILDELINGSKRITERIUM**

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har den lågaste prisen. Det er eit ynskje om maskiner med steg 5 motor.

Vurderingstema:	Krav til dokumentasjon:
Under dette kriteriet blir tilbydd pris vurdert.	Ferdig utfylt prisskjema
Utstyr entreprenør disponerer	Liste over utstyr

Kviteseid kommune har satt opp eit skjema for utfylling av prisar. Prisen er todelt. Ein årleg fastpris for beredskap og ein pris pr. time.

Prisane vert indeksregulera kvart år etter SSB konsumprisindeks.

### **6 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming**

#### **6.1 Innlevering av tilbod**

Tilbodet skal leverast til [post@kviteseid.kommune.no](mailto:post@kviteseid.kommune.no) eller til Kviteseid kommune, Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid.

#### **6.2 Utforminga av tilbodet**

Det blir bedd om at tilbodet blir utforma i samsvar med den disposisjonen som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt blir svarte på / belyste og dokumenterte i tilbodet.

Tilbodet skal utformast med denne disposisjonen:

- Signert og utfylt tilbodsbrief.
- Signert og utfylt eigenerklæring om at leverandøren oppfyller alle kvalifikasjonskrav for deltaking i konkurransen (vedlagt skjema).
- Utfylt prisskjema (vedlagt skjema).

Den leverandøren som vinn konkurransen, må i tillegg levere skatteattest og firmaattest.

## 7 Vedlegg

- Vedlegg 1: Eigenerklæring for oppfylling av kvalifikasjonskrav
- Vedlegg 2: Prisskjema
- Vedlegg 3: Vegliste og kart over kommunale vegar og plassar
- Vedlegg 4: Standard for vintervedlikehald – vedtatt 25.mai 2023
- Vedlegg 5: Vedtak arbeidslivskriminalitet og svart arbeid

### 7.1 Vegliste

Veg		Vegstrekning	Veglengde km
KV	1099	Kvennhusvegen	0,4
KV	31	Furuheimvegen	0,1
KV	1049	Åslandsvegen	0,47
KV	1098	Breidablikkvegen	0,14
KV	1051	Vebrekkevegen	0,25
KV	1050	Roarvegen	0,28
KV	0,13	Krokvegen	0,13
KV	1052	Straumsnesvegn	0,83

Lista viser dei kommunale vegane. I tillegg er områder rundt Vrådal reinseanlegg, Vrådal vassverk og pumpestasjonar jf. kart.